



Fjell kommune
Skulesjefen

Det kongelige kunnskapsdepartement

Pb 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2011/2644 - 130/2012	Ellen M. Hansen - 55 09 72 41	02.01.2012

Høring - forslag til endringer i opplæringslov og privatskolelov - Nasjonale regler om lærartettleik i grunnskolen m.m.

Fjell kommune har handsama framlegget til endringer i opplæringslova i Komité for drift 06.12.11. Komiteen vedtok å slutta seg til KS si uttale i saka, der ein går imot framlegget om nasjonale regler for lærartettleik. Framlegget til nye regler i opplæringslova §§2-8 og 3-12 vert heller ikkje støtta. Fjell kommune viser til KS si grunngeving, som går fram av deira høyringsuttale.

Under følgjer utdrag frå Komité for drift si møtebok i saka:

”Samandrag av saka:

Kunnskapsdepartementet har sendt framlegg til endringer i Opplæringslova ut på høyring. Framlegga inneber:

- *Innføring av nasjonale regler om lærartettleik i grunnskulen*
- *Innføring av lovheimel for at skuleeigar kan organisera særskilte innføringstilbod for nyankomne minoritetsspråklege elevar*
- *Innføring av lovheimel for opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon*

Rådmannen gjer framlegg om at komité for drift tar stilling til prinsippa i høyringa, og gir fullmakt administrasjonen til å utforme høyringsuttale i tråd med dei vedteke prinsippa. Det er dei første to punkta som er mest aktuelle for ei høyringsuttale, og saka vil derfor konsentrere seg om desse punkta.

Innstilling:

Framlegg til endringer i opplæringslova – Nasjonale regler om lærartettleik i grunnskolen mm. vert lagt fram til drøfting, med sikte på å komme fram til føringar i høve høyringsuttale frå Fjell kommune.

Handsama i Komité for drift - 06.12.2011:

Komité for drift diskuterte saka om høyringsuttale grundig, og møtet vart heva for

gruppemøte.

Framlegg frå AP v/ Gunnar Hannisdal:

For å sikre minimumsbemanning òg ved tronge økonomiske tider, ynskjer Fjell Arbeidarparti å støtte Kunnskapsdepartementet sitt framlegg om innføring av nasjonale reglar for lærartettleik i grunnskulen og innføring av lovheimel for at skuleeigar kan organisere særskilte innføringstilbod for nyankomne minoritetsspråklege elevar.

Framlegg frå H/KrF/FrP v/ Ernst Einarsen (H):

Komité for drift ber om at rådmannen i høyringsuttala sluttar seg til KS si uttale.

Framlegga vart stemt opp mot kvarandre slik:

Framlegget frå AP fekk 3 røyster (AP) og fall.

Framlegget frå H/KrF/FrP fekk 8 røyster og vart vedteke. Mindretalet AP.

Vedtak i Komité for drift - 06.12.2011:

Komité for drift ber om at rådmannen i høyringsuttala sluttar seg til KS si uttale.

Straume, 02.01.12

Med helsing

Ellen M. Hansen

Skulesjef Fjell kommune